



## Festo-utspel er med

**LINDÅS:** Planane om eit oppvekstsenter for Festo-krinsen på Myksvoll, skal vurderast som ein del av arbeidet med kommunedelplanen for skulen i vår, fastslår levekårsutvalet. Bygdefolk har tatt eit innbyggjarinitiativ for å få skule og barnehage på Myksvoll.



## Ny fastlegeheimel

**MELAND:** Helsedirektoratet har sagt ja til Meland kommune sin søknad om ny fastlegeheimel. Fastlegeheimelen som er tildelt er nummer sju i kommunen. Eit av fleire vilkår som kommunen må innfri er auka deltaking i legevaktordninga.



## Får ikkje lokal leiar

**FEDJE:** Som tidlegare omtalt, ønskjer NAV at kontoret på Fedje skal leiast frå Austrheim. I eit brev til kommunen kjem det fram at avgjerda står fast, og kommunen vert beden om å overføra dei nødvendige fullmakter til leiarane på Austrheim.



## Fjellvandrartfest

**MASFJORDEN:** Det vert arrangert fjellvandrartfest på i Fjon grendahus søndag 18. mars. Hovudattraksjonen vert Arvid Lathi som kjem og fortel litt om fjellekspedisjonane sine. Meir info på Masfjorden kommune sine heimesider.



**MÅNADENS ETABLERAR:** Elisabeth Tonheim i Heilt Originalt! skapar flotte ting av det andre kallar skrot. Kvart produkt er unikt og blir laga med kreativitet, kjærleik og omtanke. Ho er den første som blir presentert som "Månadens etablerar" i Regionrådet.

# Skapar kunst av skrot

LINDÅS: Heilt originalt! er berre heilt genialt! fastslår Regionrådet Nordhordland om månadens etablerar, Elisabeth Tonheim i "Heilt originalt"

ARTHUR KLEIVELAND  
arthur@nordhordland.no

Ho gjer gull av gråstein - og omskapar gamle ting til vakker kunst og røffe bruksting. Det meste kan få eit nytt liv i Elisabeth sine hender. Ho har gjort om heimen sin i det gamle Sanitetshuset på Lindås til base for bedrifta si, som kort og godt heiter Heilt Originalt!

–Kvart produkt er unikt og blir laga med kreativitet, kjærleik og omtanke, seier næringskonsulent Kari Natland i Regionrådet Nordhordland om Månadens etablerar.

Med stor glede over å kunne nytte alt, gjer Elisabeth Tonheim

## Heilt Originalt! er månadens etablerar

gamalt skrot om til vakker kunst og stilige bruksting.

### Skrot blir kunst

Gamle dører, vindauger, fjøler frå fjøra, piggråd, rustne spikrar og kjetting. Øydelagde reiskapar frå gardsdrift, og omnsdelar og ting folk flest reknar som skrot og utgått på dato. Elisabeth set det saman til spennande nyskapingar og kunstverk - vakkert for auga og balsam for sjela.

– Gjennom kreativitet og fantasi brukar eg delane på ein heilt annan måte enn dei opphavelg var tiltenkt. Heilt originalt! handlar også om å ta vare på og presentera historie og kultur på ein kreativ måte, seier Elisabeth.

### Plukkfisk

Det er denne tanken som også ligg bak produksjon og sal av plukkfiskekaker. Dette er ein gamal vestnorsk mattradisjon som er på veg ut av menyane til

folk. Så langt Elisabeth kjenner til er det ingen andre enn Heilt originalt! som driv med denne produksjonen her i landet.

### Hoppa av stresskarusellen

Bakgrunnen for at Elisabeth Tonheim gjekk igang med si eiga bedrift var eit sterkt ønske om å få bruka kreativiteten sin til noko. Dessutan har ho ei utforklaring tiltrekking til det gamle og røffe.

– Hadde dessutan kome til eit punkt i livet der eg konkluderte med at eg måtte hoppa av stresskarusellen for å "overleva", seier Elisabeth Tonheim.

### Begeistra og stolt

Elisabeth fortel at den viktigaste drivkrafta er begeistring. For det ho sjølv driv med, men også andre si begeistring i møte med produkta ho lagar. Ho synest det er fascinerande å sjå korleis dei ulike produkta nærast snakkar til

folk som kjem innom.

–Folk har minne om dei ulike delane som blir til noko nytt. Det

får fram følelsar og bilde dei har frå tidlegare i livet, seier Elisabeth Tonheim.

## Rom ikkje bygt på ein dag

– Det handlar om å halda ut. Rom ikkje vart bygt på ein dag.

Elisabeth Tonheim framhevar Region Nordhordland sine etablerarkurs som veldig nyttig for henne som var i startgroppa.

– For meg som driv åleine var det også veldig godt å koma med i ei av nettverksgruppene av etablerarar i regionen, seier ho.

–Med "månadens etablerar" ønskjer vi å synleggjera folk som står på og skapar noko. Dei fortener å få positiv tilbakemelding. Det finst mange gode historier. Gjennom ein "månadens etablerar" får vi også presentert dei til-

bod og tiltak som den enkelte kan få gjennom Regionrådet, seier næringskonsulent Kari Natland ved Regionrådet Nordhordland.

### Tre gode råd frå Elisabeth

Elisabeth Tonheim kjem med følgjande tre råd til andre som ønskjer å starta si eiga verksemd:

**1.** Gå etablerarkurs og gjer deg nytte av dei gode råda og kontaktane du får der.  
**2.** Ikkje ver redd for å spørja når du lurar på noko. Det er veldig nyttig å ha ein sparringpartnar å diskutera idéar med.  
**3.** Held ut! Rom vart ikkje bygt på ein dag, og det gjer truleg inga verksemd heller!